Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Nina Vadøy, 5557 2316

Vår dato
15.04.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2015/3613 472
Dykkar referanse

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS
Svartasmoget
5419 Fitjar

## Rapport frå inspeksjon ved SIM Heiane omlastehall 31. mars 2016

Rapportnummer: 2016.041.I.FMHO

**Kontaktpersonar ved inspeksjonen:**

Frå verksemda:
Jan Rolf Bekkevold
Janne Hillersøy
Helge Sæterbø
Kjell Bolme

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Nina Vadøy
Mari Katrine Berg

## Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- farleg avfall
- internkontroll

Avvika og merknadene er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

SIM må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. oktober 2016** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

Mari Katrine Berg
overingeniør

Nina Vadøy
overingeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Stord kommune

## 1. Informasjon om verksemda

| | |
|---|---|
| **Namn:** SIM Heiane omlastehall | **Risikoklasse:** 3 |
| **Besøksadresse:** Meatjønnsvegen 45, 5412 Stord | |
| **Postadresse:** Svartasmoget, 5419 Fitjar | |
| **E-post:** sim@sim.as | **Telefon:** 53 45 78 50 |
| **Kommune:** Stord | **Organisasjonsnr.:** 913 090 713 |
| **Bransjenr. (NACE-kode):** 38.110 – Innsamling av ikkje-farleg avfall | **Eigar (org.nr.):** 958 284 837 |
| **Løyve sist oppdatert:** 26.10.2015 | **Siste tilsyn:** - |

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. SIM Heiane omlastehall fekk løyve til drift av avfallsanlegg i april 2014 og løyvet vart endra oktober 2015 etter vedtak frå Miljødirektoratet. Fylkesmannen fører tilsyn med alle avfallsanlegg med løyve basert på eit tilsynsintervall som er bestemt av risikoklassen. Dette var første tilsyn etter at verksemda fekk løyve.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Vilkår i løyvet
- Utslepp til ytre miljø
- Internkontroll – risikovurdering, avvikshandtering og skriftlege rutinar for ytre miljø
- Handtering av avfall og farleg avfall

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. oktober 2016** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

**Varsel om tvangsmulkt**
Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **1. oktober 2016**, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulkta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

## 4. Kontrollgebyr

SIM skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 500 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

## 5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 29.4.2014 med endringar av 26.10.2015

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

**Definisjonar**

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevnaden (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

**Avvik 1: Verksemda har ikkje overhalde plikta om levering av alt farleg avfall**

**Avvik frå:**
Avfallsforskrifta § 11-8 om leveringsplikt

**Kommentar til regelverket:**
Verksemder kvar det oppstår farleg avfall har plikt til å levere alt farleg avfall til godkjent avfallsmottak minst ein gong per år.

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:**
*Fast avfall frå sandfang:*
Verksemda opplyste under tilsynet at oljeutskiljar vart tømt for 1000 liter sand 20. mars 2013 og at sanden ikkje vart levert til godkjent mottak for farleg avfall. Verksemda opplyste at sanden truleg vart levert til deponi og kunne derfor ikkje vise fram deklarasjonsskjema.

Fast avfall frå sandfang og oljeutskiljar blir rekna som farleg avfall og skal leverast til godkjent mottak for farleg avfall. Sjå nettsak for meir informasjon på Fylkesmannen si heimeside.

*Bark brukt som oppsugingsmiddel for farleg avfall:*
Verksemda opplyste under tilsynet at ved søl av farleg avfall vart det brukt bark som oppsugingsmiddel og at barken etterpå vart kasta i restavfallet. Bark som er brukt som oppsugingsmiddel er farleg avfall og skal leverast til godkjent mottak for farleg avfall.

**Avvik 2: Internkontrollen er mangelfull**

**Avvik frå:**
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6, 7 og 8

**Kommentar til regelverket:**
*Risikovurdering:*
Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

*Rutinar:*
Verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje feil.

*Overvaking og gjennomgang av internkontrollen:*
Verksemda skal utføre systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer etter føremålet.

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:**
*Risikovurdering:*
Verksemda har ei skriftleg risikovurdering som omhandlar ytre miljø. Den vart sist oppdatert i november 2011, og risikovurderinga vart ikkje oppdatert etter at anlegget fekk løyve etter forureiningslova april 2014.

Følgjande hendingar/aktivitetar er ikkje risikovurdert eller risikovurderinga er mangelfull:

- Oljeutskiljar inne i omlastehall
  - bruk av avfettingsmiddel
  - avrenning av avfall som ikkje er oljeholdig til oljeutskiljar
- Mottakskontroll – Avfall frå gjenbruksstasjonane kan innehalde farleg avfall og EE- avfall

Lista er ikkje uttømmande.

*Rutine for drift av oljeutskiljar:*
Verksemda har ei skriftleg rutine for omlastehallen: «Driftsrutinar – omlasting i SIM omlastehall» sist oppdatert 9. desember 2015. Rutinen omhandlar også drift av oljeutskiljar. I rutinen står det at oljeutskiljar skal tømmast årleg. Oljeutskiljaren vart sist kontrollert og tømt i november 2013.

Verksemda har krav om at utslepp av olje ikkje skal overstige 20 mg/l. Bevis på at oljeutskiljaren fungerer etter hensikta er at utgåande vatn har eit lågt innhald av olje. Verksemda skal kunne dokumentere at dei held grenseverdien. Rutinar for måling av vatnet skal dokumenterast skriftleg.

Under tilsynet kunne ikkje verksemda gjere greie for om avfettingsmiddelet som vart brukt i omlastehallen var forenleg med bruk av oljeutskiljaren. Dette stod ikkje i rutinen.

*Rutinar for avviksregistrering:*
Verksemda har registrert 3 avvik i 2015 og 1 avvik i 2016 på ytre miljø. Vidare opplyste verksemda at det hender at det er EE-avfall og farleg avfall i leveransane frå gjenbruksstasjonane, men at dette ikkje vart ført som avvik.

Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentaking av feil og manglar. Det er viktig at alle tilsette i alle ledd har ei felles forståing for kva som skal registrerast som avvik.

## 8. Andre forhold

*Impregnert trevirke:*
Årsrapporten for 2015 viste at verksemda har teke imot 570 tonn impregnert trevirke, medan grensa i gjeldande løyve er på 600 tonn. Verksemda opplyste at det kan vere aktuelt å søkje om utvida løyve til mottak av impregnert trevirke.

*Årsrapport:*
Fylkesmannen bad om meir utfyllande informasjon i årsrapporten neste år. Fullstendig tilbakemelding på årsrapporten kjem seinare i eige brev.

*Avfallsdeklarering.no:*
Verksemda opplyste at Avfallsdeklarering.no er teke i bruk av alle tilsette i alle ledd i SIM. Verksemda er i rute til fullstendig overgang frå papirdeklarering til elektronisk deklarering 1. mai.

Verksemda opplyste at impregnert trevirke frå miljøstasjonane berre blir deklarert kvartalsvis, etter vektrapport inn til omlastehallen. Praksisen er etablert for å redusere deklarasjonar. Dette er ikkje i samsvar med kravet om at kvar enkelt leveranse skal ha eigen deklarasjon, jf. forureiningsforskrifta § 11-13.